

Vestland fylkeskommune

22 SEPT 2020

Blått kompetansesenter vest AS  
Austevoll vidaregåande skule  
Sauganeset 18  
5392 STOREBØ

Org. nr. 923 170 790

Austevoll, 17.09.2020

Vestland fylkeskommune  
Avdeling for innovasjon og næringsutvikling  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## Søknad om partnarskapsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Blått kompetansesenter vest

Det blir vist til konstruktivt møte med fylkesdirektør Bård Sandal og seniorrådgivar Inge Døskeland 3. februar i år.

I møtet vart det gjort greie for verksemgsplanen til Blått kompetansesenter vest AS, og blant anna drøfta fylkeskommunal medverknad for å nå målsettingane til kompetansesenteret. Blått kompetansesenter vest blei tilrådd å söke om å inngå partnarskapsavtale med Vestland fylkeskommune.

**Det vert med dette søkt om partnarskapsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Blått kompetansesenter vest AS.**

Ei partnarskapsavtale er ei semje mellom aktørane. Gjensidige avtalar baserer seg på drøftingar og forhandlingar, og ikkje ein søknad åleine. Blått kompetansesenter vest understrekar derfor at det er naturleg å forhandle, og for kompetansesenteret sin del, tilpasse seg vilkår og forventingar frå Vestland fylkeskommune.

Samstundes er me trygge på at formål og verksemgsplan klart bidrar til å oppnå viktige regionale og nasjonale målsettingar, og bidra til å løyse fylkeskommunale oppgåver.

I søknaden her blir det i hovudsak vist til den vedlagte verksemgsplanen. Det er ikkje gjort endringar i denne sidan møtet i februar. Det er likevel slik at koronasituasjonen har hatt stor påverknad på framdrifta i inneverande år. Det påverkar likevel i mindre grad drifta i 2021.

Blått kompetansesenter vest AS søker om at den økonomiske løyvinga gjennom partnarskapsavtala er 500.000 kroner pr. år i avtaleperioden 2021 til 2023.

Det er vesentleg for Vestland fylkeskommune at partnarskapsavtalar og løyvingane som fylkeskommunen bidreg med, er bidrag til at fylkeskommunens målsettingar blir oppfylt. Som handlingsplanen viser, vil avtala med Blått kompetansesenter vest bidra innanfor fylkeskommunens strategiske innsatsområde.

Blått kompetansesenter vest er ei sameining av framifrå institusjonar og næringsaktørar. Blått kompetansesenter vil bidra til å styrke og vidareutvikle aktivitet og satsingar innan næringsretta forsking, utdanning, kunnskapsformidling, og samhandlinga mellom offentlege forskings- og utdanningsinstitusjonar, og næringsaktørar innanfor marine og maritime næringar.

Blått kompetansesenter vest skal bidra til berekraftig forvalting av ressursar, redusere klima- og miljøavtrykk, løysingar for vekst i havbruket, og ei styrke dei framtdsretta, sjøbaserte næringane, og til å skape framtidas arbeidsplassar.

For å nå nasjonale og internasjonale målsettingar må ein også jobbe lokalt og regionalt. I Blått kompetansesenter vest skjer samarbeidet og kunnskapsutvekslinga på kai- og merdkanten. Også her skal det geniale skapast, også her kan verdsproblem løysast.

Blått kompetansesenter vest ligg i landets største fiskerkommune, Austevoll. Her har forsking og utdanning vore samlokaliserte i over førti år. Her er det ein unik næreliek og samhandling med fiskeri- og havbruksaktørar. Blått kompetansesenter vest bygg på denne blå klynga som har utspring i Austevoll, med sterke forgreiningar og samarbeid med andre aktørar og institusjonar i regionen og landet.

Blått kompetansesenter vest skal vere “éi dør inn” for kontakt med dei forskjellige aktørane som er ein del av klynga. Det skal synleggjere mangfaldet av tenester, kurs og opplæringstilbod, og skape møteplassar for utveksling av kunnskap og erfaring.

I tillegg til den eksisterande forskinga og opplæringa som skjer ved Havforskningsinstituttet og dei fylkeskommunale skulane på Sauganeset, blir det satsa på utetteretta tilbod om kurs og sertifisering. Allereie er det tilbod om 13 kurs, og 3 nye kurs er under utvikling. Det vil også leggjast stor vekt på kunnskapsformidling, både på land – blant anna bruk av navigasjons- og offshoresimulator og lokale bedrifter – og til sjøs, med bruk av opplæringsfartøy som “Stø kurs”, og visningsturar til oppdrettsanlegg.

Blått kompetansesenter vest skal ha ei unik rolle i sameininga av næring, utdanning, forsking og lokalsamfunn både innanfor havbruk og fiskeri. Dette er sentralt når det gjeld berekraftig utnytting av naturressursar som fisk, arealforvalting både på land og i sjø, nyskaping og løysingar som er betre for klima og miljø og dyrevelferd.

Ved auka bruk og vidare satsing på fasilitetar vil ein vidare legge til rette for endå meir praktisk samarbeid mellom forsking- og utdanningsinstitusjonar, og næringsaktørar og gründerar. Gjennom slik handgripeleg samhandling vil Blått kompetansesenter vest bidra til å redusere terskelen og hindringar som står i vegen for samarbeid mellom aktørar og profesjonar. I Blått kompetansesenter vest vil ein møte forskarar, lærarar, kurshaldarar, gründerar og erfarne næringsaktørar, elevar og studentar.

Blått kompetansesenter vest er eit samarbeid mellom den verdsleiande fiskeri- og havbruksklynga i Austevoll, verdas fremste havforskinsinstitutt, Norges største fiskerikommune, og dei beste fylkeskommunale skulane for marine og maritime utdanningar.

Aktørane bak Blått kompetansesenter vest er:

- Vestland fylkeskommune
- Havforskinsinstituttet
- Austevoll næringsråd
- Austevoll kommune

Selskapet er eigd med like store delar av Austevoll næringsråd og Austevoll kommune.

Styret består av fire medlemmar som representerer Austevoll vidaregående skule i Vestland fylkeskommune, Havforskinsinstituttet, Austevoll kommune og Austevoll næringsråd.

Venleg helsing

Vivian B. Horgen  
styreleiar

**Verksemndplan for**  
**Blått kompetancesenter vest**

**Blått kompetancesenter vest AS**

---

Austevoll 24. januar 2020



**Blått kompetansesenter vest er eit samarbeid mellom den verdsleiande fiskeri- og havbruksklynga i Austevoll, verdas fremste havforskinsinstitutt, Norges største fiskerkommune, og dei beste fylkeskommunale skulane for marine og maritime utdanningar.**

Gjennom handgripelege tiltak og prosjekt skal Blått kompetansesenter vest styrke samarbeidet mellom forskingsinstitusjonar, skular og næringsliv. Senteret skal bidra til å redusere terskelen og formelle hindringar som står i vegen for meir praktisk samarbeid mellom aktørar og profesjonar. I Blått kompetansesenter vest vil ein møte forskrarar, lærarar, kurshaldarar, elevar og studentar, nyslattede gründerar og etablerte næringsaktørar. Det å jobbe i lag skal bli saumlaust og sytalaust.

Blått kompetansesenter vest skal bidra til bererkraftig ressursforvalting, redusere klima- og miljøavtrykk, skape vekst i havbruket, styrke framtidssretta næringar og til å skape framtidas arbeidsplassar. For å nå nasjonale og internasjonale målsettingar, må ein også jobbe lokalt og regionalt. I Blått kompetansesenter vest skjer samarbeidet og kunnskapsutvekslinga på kai- og merdkanten. Også her skal det geniale skapast, også her kan verdsproblem løysast.

Blått kompetansesenter vest ligg i landets største fiskerkommune, Austevoll. Her har forsking og utdanning vore samlokaliserte og samarbeidd i over førti år, med ein unik nærleik til fiskeri- og havbruksaktørar. Blått kompetansesenter vest bygg på denne blåe klynga som har sitt utspring i Austevoll, har sterke forgreiningar og samarbeid med vidaregåande skular i regionen, fagskular over heile landet, og Havforskinsinstituttets viktige forskingsaktivitet i Bergen, Matre, Flødevigen og Tromsø.

Blått kompetansesenter vest skal vere «ei dør inn» for kontakt med dei forskjellige aktørane som er ein del av klynga. Det skal synleggjere mangfoldet av tenester, kurs og opplæringstilbod, og skape møteplassar for utveksling av kunnskap og erfaringar.

Denne planen fastset tiltak for å oppnå selskapets formål.

## **Blått kompetansesenter vest AS**

Org.nr. 923 170 79

Austevoll vidaregåande skule  
Sauganeset 18, 5392 Storebø

+47 56 18 20 00

# Aktørane

## Havforskinsinstituttet

Havforskinsinstituttet er Europas nest største marine forskingsinstitusjon. Havforskinsinstituttet gir kunnskapsbaserte råd om forvalting for reine og rike hav- og kystområde i eit evigheitsperspektiv.

Instituttet blei stifta i 1900, har hovudkontor i Bergen, og etablerte eigen forskingsstasjon i Austevoll i 1978. Forskingsstasjonen i Austevoll har laboratorium, sjøtankar og merdar, og innandørs bygningsfasilitetar på om lag 4.500 kvm. Den er dermed blant Europas største forskingsstasjonar for fisk og skaldyr. Forskingsstasjonen er samlokalisert med Austevoll vidaregåande skule og den maritime fagskulen.

Havforskinsinstituttet har totalt 926 årsverk (2018) og 43 av desse ved forskingsstasjonen i Austevoll.

Fagdirektør Geir Lasse Taranger er styremedlem i Blått kompetansesenter vest. Han er direktør for forskingsavdelinga for akvakultur, marint miljø og teknologi i Havforskinsinstituttet.

## Austevoll Næringsråd

Austevoll Næringsråd er næringsforeininga i Austevoll og sameiner eit hundredals bedrifter innanfor ulike bransjar. Næringsrådet representerer ei lang rekke bedrifter som direkte eller indirekte har verksemد innanfor dei marine og maritime næringane.

Blant formåla til næringsrådet er å utvikle næringsslivet vidare, knyte band mellom næringsaktørar, styresmakter og utdannings- og forskingsaktørane i kommunen. Næringsrådet skal også bidra til å forsterke kompetansen i Austevoll og sikre fleire kompetansearbeidsplassar i kommunen, både i privat og offentleg sektor.

Austevoll Næringsråd var prosjekteigar for forprosjektet til Blått kompetansesenter, og eig 50 prosent av Blått kompetansesenter vest. Næringsrådets styreleiar Hege Lauvik er styremedlem i Blått kompetansesenter vest.

## Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune såg dagens lys 1. januar 2020 og er eit resultat av samanslåinga av gamle Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. Vestland fylke er heimstad for verdsleiane forsking- og utdanningsinstitusjonar og eit stort tal marine og maritime næringsaktørar. Med over 630.000 innbyggjarar er Vestland landets tredje største fylke i folketal, med Bergen som fylkes-hovudstad.

Fiskarfagskulen i Austevoll blei etablert i 1978, som ein kombinert fagskule og vidaregåande skule, samlokalisert med havbruksstasjonen. I 2013 blei fiskarfagskulen delt i Austevoll vidaregåande skule og Austevoll maritime fagskule (seinare ei avdeling i Fagskulane i Hordaland).

Austevoll vidaregåande skule tilbyr opplæring i VG1 naturbruk, VG2 akvakultur, VG2 fisk og fangs, VG1 teknikk og industriell produksjon (TIP), VG2 maritime fag, VG1 helse- og oppvekstfag, og VG1 studiespesialisering. Skulen har blant anna eigne opplæringsfartøy og opplæringskonsesjon for oppdrett. Fagskulen i Hordaland tilbyr to-årig utdanning til dekksoffiser med høgaste sertifikat (D1).

Rektor Vivian Bjånesø Horgen ved Austevoll vidaregåande skule er styreleiar i Blått kompetansesenter vest.

## Austevoll kommune


Austevoll kommune ligg vest i Midhordland, mellom Bergenshalvøya og Stord. Kommunen består av 667 øyar og holmar. Folketalet er om lag 5.250 innbyggjarar. Befolking og næringsaktivitet er i hovudsak fordelt på dei fem største øyer som også er bundne saman med bruar.

Austevoll har svært høg næringsaktivitet og er heimstad for fleire større bedrifter innanfor marin og maritim næring og leverandørindustri knytt til desse. Kommunen er også heimstad for Austevoll vidaregåande skule, ein av Europas største havforskinsstasjonar, og Fagskulane i Hordalands avdeling i Austevoll.

Austevoll kommune eig 50 prosent av Blått kompetansesenter vest. Ordførar Morten Storebø er styremedlem i selskapet.



# Tenestene



## Forsknings- og testfasilitetar

Havforskningsinstituttet har ein framifrå forskningsstasjon på Sauganeset med ei rekke forsøkshallar, og sjøanlegg med forsøksmerdar. Det som er særmerkja med denne stasjonen er den breie kompetansen med havforskjarar og forskingsteknikarar i kombinasjon med mogelegheit til å helda marine organismar i alle livsstadier.

Stasjonen har vore ein pioner innan å ta fram marine havbruksartar som torsk, kveite, berggylt og rognjeks, hummar, kamskjel og blåskjel. Dette er mellom anna grunna at ein kan halda stamorganismar i store kar eller merdar, og at ein kan startföra yngel med levandeför som naturleg dyreplankton eller artemia.

Stasjonen har også våre i front med å studera velferd hos oppdrettslaksen, og ulike metodar for å handsama lakselus. Ein har i seinare tid lagt til rette for at ulike selskap skal kunne koma å testa ut ustyr eller løysingar, så lenge det ikkje kjem i konflikt med anna aktivitet på stasjonen. Dette skjer då til kostnadsdekkande prisar for bruk av anlegg og kompetanse. Havforskningsinstituttet har kompetanse som syter for at ein held seg innanfor gjeldande regelverk ved forsøk og utprøving av utstyr. Blått kompetansesenter vest kan vera ein kanal for grundarar og andre å koma i kontakt med eit av verdas leiande forskingsmiljø innan havbruk for å testa sine idear og løysingar.

## Kurs

### **Kompetansesertifikat dekksoffiser klasse 5 – «Kystskipper»**

Kurset er godkjent av Sjøfartsdirektoratet.

### **Kompetansesertifikat «fiskeskipper B»**

Kurset er godkjent av Sjøfartsdirektoratet.

### **Redningsfarkost og MOB-båt**

Kurset er godkjent av Sjøfartsdirektoratet. Kurset går over 32 timer.

### **Høgspentkurs for maskinoffiserar**

Kurset er godkjent av Sjøfartsdirektoratet.

### **Høgspentkurs for skipselektrikaroffiserar**

Kurset er godkjent av Sjøfartsdirektoratet.

### **Kurs for sjøfolk med særlege sikringsplikter – «ISPS-kurs»**

Kurset er godkjent av Sjøfartsdirektoratet.

### **Fritidsbåtskippar – D5L**

I same fagplan/godkjenning ligg også sertifikatet «fiskeskippar C». Kursa er godkjent av Sjøfartsdirektoratet.

### **Restricted Operators Certificate – ROC**

Kurset er godkjent av Telenor Kystradio.

### **VHF-kurs**

Kurset er godkjent av Telenor Kystradio.

## **Truckførarkurs**

Kurset er godkjent av ASAS sertifisering AS.

## **Kurs i løfteredskap, stropp og anhuking – G11**

Kurset er godkjent av ASAS sertifisering AS.

## **Kurs i varme arbeider**

Kurset gir sertifikat utstedt av Norsk brannvernforening.

## **Sertifikat «Dekksoffiser klasse 6»**

Dette er sertifikatet som vert gjeldande for alle som arbeidet med arbeidsbåtar mellom 8 og 24 meter. Kurset er relevant for tilsette i oppdrettsnæringa der ein anten har arbeid på arbeidsbåt eller lokalitet.

## **Komande kurs**

### **Grunnleggjande tryggleikskurs**

For motormenn, matrosar og fiskarar. Kurset går over 50 timer.

### **Vidaregående tryggleikskurs**

For maskin- og dekksoffiserar. Kurset går over 80 timer.

### **Medisinsk behandling**

For dekksoffiserar. Kurset går over 40 timer.

## **Opplæringsfartøy**

Fiskebåten «Stø kurs» er det største opplæringsfartøyet til Austevoll vidaregåande skule. Båten blir til dagleg nytta til opplæringa i navigasjon, manøvrering og sjømannskap for klassane VG2 maritime fag, og klassane i VG2 fiske og fangst. «Stø kurs» legg også ut på årlege tokt til skreifiske i Lofoten. Skulen har også sjarken «Huftarøy» som og ein Tobias-arbeidsbåt.

Fartøya kan nyttast til tokt og opplevelingsturar i regi av Blått kompetansesenter vest.

Skulen har også ein redningsbåt frå Harding som blir nytta til kurs og opplæring.

## **Simulatorar**

I skulebygget på Sauganeset er det ein navigasjons- og offshoresimulator, og tolv mindre navigasjonssimulatoren.

Navigasjons- og offshoresimulatoren er ein fullverdig «full mission»-simulator, som fungerer som eit komplett skip.

Ein ny fiskerisimulator er også under utvikling i samarbeid med Kongsberg Digital AS. Det skal etablerast ein demonstrasjonssimulator i løpet av hausten 2020, og ein fullverdig simulator for trål-, ringnot- og linefiske vil etter planen stå klar i 2022.

## **Gründerfellesskap**

I Austevoll kommunehus blir det bygd kontorfellesskap for gründerar. Kontorfellesskapet skal ferdigstillast våren 2020 og tilby fire cellekontor i tillegg til arbeidsplassar i ope kontorlandskap. Formålet er å tilby rimelege arbeidsplassar til gründerar som ligg i nærlieken av offentlege servicefunksjonar, verkemiddelapparat og det lokale rekneskaps- og rådgivningsbyrået DeFacto AS. Gründerkontora er finansiert av Austevoll kommune og leigetakarane nyttar møteromsfasilitetar og kantine i kommunehuset.

## **Visningsturar**

Blått kompetansesenter vest kan legge til rette for besøk og visningsturar på dei offentlege anlegga på Sauganeset, og til verksemder som er tilknytt senteret. Her kan du oppleve den komplette marine verdikjeda og lære meir om korleis ting fungerer i praksis.

- Oppdrettsanlegg
- Fiskebåt
- Matopplevingar i Bekkjarvik Gjestgiveri
- Marine barnehagar
- Historisk vandringstur i Bekkjarvik

## **Møterom**

Blått kompetansesenter vest stiller til rådvelde møte- og konferanselokale både på Sauganeset, Storebø og i Bekkjarvik.

Gjennom Blått kompetansesenter vest kan ein også bestille møte- og selskapslokale i Bekkjarvik Gjestgiveri i Bekkjarvik. Senteret kan også legge til rette for møte hos bedriftslokale fleire stader i Austevoll.

# Organisasjonen



## Eigarane

Blått kompetansesenter vest AS er eigmend med like store delar av Austevoll kommune (941 139 787) og Austevoll Næringsråd (979 584 253). Aksje-kapitalen er 30.000 kroner. Selskapet blei stifta 1. juli 2019.

Austevoll kommune og Austevoll Næringsråd har avtale om samarbeid med Austevoll vidaregåande skule (Vestland fylkeskommune) og Havforskningsinstituttet. Avtalen sikrar fylkeskommunen og Havforskningsinstituttet medlemmar i selskapets styre.

## Styret

Styret i Blått kompetansesenter vest AS består av fire medlemmar oppnemnt av Austevoll kommune, Austevoll Næringsråd, Vestland fylkeskommune og Havforskningsinstituttet. Styrets medlemmar er:

- Vivian Bjånesø Horgen
- Geir Lasse Taranger
- Hege Lauvik
- Morten Storebø

Vivian Bjånesø Horgen er styrets leiar. Morten Storebø er sekretær i styret.

## Dagleg leiar

Formålet med Blått kompetansesenter vest kan berre oppnåast ved at det blir etablert ein administrasjon i selskapet. Inntil no fungerer styret som eit arbeidsutval, der styrets medlemmar fordeler oppgåver og førebur sjølv sakene som styret behandler.

Styrets medlemmar har ikkje elles høve til å utføre oppgåvene som styret fastset er nødvendige for å nå målsettingar med selskapet. Det må derfor tilsetjast ein dagleg leiar.

Dagleg leiar skal tilsetjast i full stilling. Styret legg opp til at stilling kan tiltreast sommaren eller tidleg haust 2020.

## Lokalisering

Blått kompetansesenter vest AS er lokalisert ved Austevoll vidaregåande skule. Skulen har Havforskningsinstituttet som nærmeste nabo og ligg ved sjøen på Sauganeset i Austre Storebøvågen. Sauganeset ligg om lag fire kilometer sør for Storebø, kommunenesenteret i Austevoll.

Blått kompetansesenter vest tilbyr tenester hos Austevoll vidaregåande skule og maritime fagskule, Havforskningsinstituttets forskingsstasjon, og i Austevoll kommunehus.



# Tiltaksplan

## **Planlegging, modning, forankring og formelle avgjelder. Etableringa av ein varig, berekraftig og relevant klyngeorganisasjon skjer i fasar, prega av framsteg, opphald, omvurderingar.**

### **Trinn 1: Frå skisse til selskapsstifting**

Fase 1 varte frå 2013 til 2019 og er gjennomført. I denne fasen oppstod tanken om eit kompetansesenter i Austevoll, etter mal og inspirasjon frå Blått kompetansesenter på Frøya. Forprosjektet blei gjennomført og overlevert hausten 2015, og det blei etablert samarbeidsavtale med sentra på Frøya og Senja på nyåret 2018. Blått kompetansesenter vest AS blei stifta sommaren 2019.

#### **Oppnådde tiltak:**

- Utført forprosjekt.
- Formalisere samarbeid med dei andre blåe kompetansesentra i Norge.
- Forsterke samarbeidet blant dei mest sentrale aktørane internt i Blått kompetansesenter vest.
- Stifting av føretak.

Arbeidet i fase 1 blir også gjennomgått i verksemindsplanens kapittel om historia til Blått kompetansesenter vest.

### **Trinn 2: Sikre drifta og bygge organisasjon**

Blått kompetansesenter vest er no inne i fase 2. Målsettinga er å etablere eit permanent driftsgrunnlag for selskapet, med ein liten og effektiv administrasjon som skal drifte organisasjonen, forvalte fellesfunksjonar, og bidra i samarbeids- og utviklingsprosjekt.

Styret legg opp til ein fireårig økonomiplanperiode som går frå og med 2020 til og med 2023. Dette vil sikre stabilitet og føresielege rammer. Inntektene i denne perioden vil i hovudsak basere seg på løyvingar frå aktørane bak selskapet: Vestland fylkeskommune, Havforskningsinstituttet og Austevoll kommune. Desse midlane skal sikre meste-parten av dei faste kostnadene, der den største kostnaden er løn og sosiale kostnader.

Styret har ikkje lagt inn at desse aktørane også

bidrar med arbeidsinnsats, bruk av utstyr og utlån av lokale og fasilitetar.

#### **Styret har sett opp følgjande tiltak:**

- Sikre inntekter i fireårsperioden 2020-2023.
- Tilsette dagleg leiar.
- Synleggjere fellesoppgåver og prosjekt som skal utførast av klyngeorganisasjonen på vegner av aktørane og prosjekt der organisasjonen skal vere ein bidragsytar.
- Etablere ein heilskapleg marknadsføringsprofil og synleggjere tenester og moglegheiter.
- Selje tenester og oppgåver til private aktørar.
- Etablere faste møteplassar i regi av Blått kompetansesenter vest der forsking, utdanning og næringsaktørar skal treffast – og éi dør inn og førstelinja for kontakt mellom desse sektorane.

### **Trinn 3: Vidare utvikling og vekst**

Utover i fase 2 og ein sentral del av det siste trinnet i verksemindsplanen, er at Blått kompetansesenter vest skal vere prosjektleiar av fellesprosjekt. Selskapets prosjekt skal blant anna vere:

- Bidra til å utvikle utdanningstilbodet innanfor marine fag med særleg vekt på vidaregående opplæring og fagskulenivå.
- Bidra til å forbetre eksisterande og utvikle nye, klima- og miljøvenlege løysingar for produksjon av sjømat og -vekstar.
- Vere den føretrekte partnaren for praktisk samarbeid innanfor marine næringar, forsking og utdanning.
- Styrke samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar som driv med marine fag i Vestland og langs kysten.

# Økonomi

## Budsjett

For å sikre ei føreseieleg drift i fase 2 har styret sett opp budsjett for fireårsperioden 2020 til 2023.

I denne fasen vil selskapet i hovudsak basere seg på løyvingar frå aktørane i samarbeidet. Hordaland fylkeskommune, forløparen til dagens Vestland fylkeskommune, og Austevoll kommune, har tidlegare løvd pengar til prosjekt.

Havforskingssinstituttet har tidlegare gitt tilslagn på midlar til prosjektet, men desse har ikkje blitt kravd utbetalt.

For å finansiere løn til dagleg leiar, nødvendige driftsmidlar og høve til oppbygging og utvikling av senteret, legg styret til grunn årlege driftsløyvingar frå dei tre ovannemnde aktørane.

	2020	2021	2022	2023
<b>Kostnader:</b>				
Fastløn	350.000	717.500	735.438	753.823
Arbeidsgjevaravgift	59.465	121.903	124.951	128.075
Pensjon	57.715	118.316	121.274	124.305
Marknadsføring, tenester o.l.	100.000	150.000	150.000	150.000
Reise	15.000	30.000	30.000	30.000
Kontormateriell	5.000	10.000	10.000	10.000
Utstyr og inventar	50.000	20.000	20.000	20.000
Abonnement	5.000	10.000	10.000	10.000
<b>Sum kostnader</b>	<b>637.180</b>	<b>1.167.719</b>	<b>1.191.662</b>	<b>1.226.204</b>

<b>Inntekter:</b>				
Tilskot Vestland fylkeskommune	250.000	500.000	500.000	500.000
Tilskot Havforskingssinstituttet	200.000	200.000	200.000	200.000
Tilskot Austevoll kommune	200.000	300.000	300.000	300.000
Sal av tenester	0	50.000	100.000	100.000
Betalte fellesfunksjonar	0	50.000	100.000	100.000
Gåver	0	68.000	0	27.000
<b>Sum inntekter</b>	<b>650.000</b>	<b>1.168.000</b>	<b>1.200.000</b>	<b>27.000</b>

<b>Resultat</b>	<b>12.820</b>	<b>281</b>	<b>8.338</b>	<b>796</b>
-----------------	---------------	------------	--------------	------------

## Investeringar

Det er førebels ikkje planlagt investeringar i regi av selskapet Blått kompetansesenter vest AS. Vestland fylkeskommune og Havforskingsinstituttet har investeringsplanar som senteret vil nyttigjere seg av.

Desse er:

### Sjøanlegg

Havforskingsinstituttet skal erstatte dagens sjøanlegg på Sauganeset. Prosjektet skal gjenomførast i 2021 og har ei kostnadsramme på 30 millionar kroner.

### Sikkerheitssenter

Austevoll vidaregåande skule skal etablere eit nytt sikkerheitssenter på Sauganeset. Prosjektet er kostnadsrekna til 7-8 millionar kroner.

### Hyblar

Havforskingsinstituttet eig nokre hyblar på Sauganeset som blir nytta av gjesteforskarar ved havbruksstasjonen. Havforskninga har behov for fleire hyblar, og det er trøng for betre bustadfasilitetar for elevar og studentar ved Austevoll vidaregåande skule og Fagskulane i Hordaland.

Havforskingsinstituttet har vore i dialog med Storebø Maritime AS om langtidsleige av hybel-bustader i Storebø brygge.



# Samarbeid



## Dei blåe kompetancesentra

Blått kompetansesenter vest er etablert etter inspirasjon frå Blått kompetansesenter på Frøya. Senteret på Frøya blei offisielt opna i juni 2016. Etableringa av eit tilsvarende senter i nord har skjedd parallelt med satsinga i Vestland, og formelt stifta samstundes, sommaren 2019. Desse tre sentra inngjekk samarbeidsavtale 15. januar 2018. Avtalen blei signert i Bekkjarvik, Austevoll.

Blått kompetansesenter sør er det fjerde og siste senteret. Dette tar blant anna utgangspunkt i Havforskningsinstituttets aktivitet i Flødevigen i Arendal, og arbeidet blei starta opp i august 2018. Desse fire sentra har grunnleggjande fellestrekk som sameiner dei, og i sum sikrar dei nærvær langs heile Norskekysten.

Sentra har samstundes skilnader og ulike styrkar som også kjem til uttrykk i satsingsområde, irekna blant eigarar og klyngenes aktørar.

## Støttespelarar

Aktiviteten i Blått kompetansesenter vest baserer seg på fleire år med innsats og planlegging. Fem bedrifter bidrog til å sikre oppstart for prosjektet ved å gi midlar for å finansiere forprosjektet. Støtta blei gitt av:

- Austevoll kraftlag
- DOF
- Lerøy Sjøtroll
- North Sea Shipping
- Vestland Offshore

Gåvene frå desse bedriftene medverka til å synleggjere oppslutnaden som prosjektet hadde i det lokale næringslivet, og spela ei viktig rolle for å legitimere kommunen sine økonomiske bidrag og den innsatsen som Austevoll Næringsråd har ytt.

# Historikk

**Tanken om eit sterkare og betre organisert samarbeid mellom næring, utdanning og forsking i Austevoll, strekk seg ein generasjon tilbake i tid. Den kom først til uttrykk som eit visningssenter på 1990-talet, før ein frå 2013 byrja planlegginga av eit organisert klyngesamarbeid.**

Tanken om eit sterkare og betre organisert samarbeid mellom næring, utdanning og forsking i Austevoll, strekk seg ein generasjon tilbake i tid. Den kom først til uttrykk som eit visningssenter på 1990-talet, før ein frå 2013 byrja planlegginga av eit organisert klyngesamarbeid.

Bakgrunnen for å ønske å ta steget mot eit sterkare klyngesamarbeid var openbart, og ikkje minst basert på Austevolls posisjon som landets største og leiande fiskerikommune, utviklinga av oppdrettsnæringa og ein stadig viktigare marin og maritim leverandørindustri.

Etter ei årrekke med utgreiing og venting blei det i 1972 beslutta at Statens fiskerfagskole på Laksevåg skulle flyttast til Austevoll. Ein akvakulturstasjon blei prosjektert inn på tomta. I 1978 stod både Fiskarfagskulen i Austevoll og havbruksstasjonen ferdig.

Sidan den tid har det vore eit utbreidd samarbeidd mellom skule, forskingsstasjonen og næringsliv. Samarbeidet har blant anna kome til uttrykk i Opplæringskontoret i Austevoll, som eit svært viktig bindeledd mellom utdanning og arbeidsliv.

På 1990-talet diskuterte lokale politikarar og samfunnsaktørar etableringa av eit visningssenter for fiskeri og sjøfart. Visningssenteret blei ikkje realisert. I 2013 tok Austevoll vidaregåande skule initiativet til eit blått kompetansesenter i Austevoll, etter modell frå Blått kompetansesenter på Frøya. Det blei utarbeidd eit forprosjekt, leia av Svein Aasebø, med Austevoll Næringsråd som prosjekteigar. Prosjektgruppa bestod elles av representantar frå Austevoll kommune, Austevoll Næringsråd, Austevoll vidaregåande skule, Bergen maritime fagskule (Austevoll), Havforskningsinstituttet, Hordaland fylkeskommune, DOF, Vestland Offshore og Lerøy Sjøtroll.

Rapporten blei levert hausten 2015.

**Forprosjektet blei finansiert slik:**

- |                           |            |
|---------------------------|------------|
| • Austevoll kommune       | 225.000 kr |
| • Hordaland fylkeskommune | 200.000 kr |
| • Austevoll Kraftlag      | 25.000 kr  |
| • DOF                     | 25.000 kr  |
| • Lerøy Seafood           | 25.000 kr  |
| • North Sea Shipping      | 25.000 kr  |
| • Vestland Offshore       | 25.000 kr  |

**Forprosjektet peika på tre hovudtiltak:**

- Eit klyngesenter med blant anna felleslokale, kontor- og møteroms- og forskningsfasilitetar.
- Bustadbygg for forskrarar, studentar, gjestar.
- Djupvasskai.

I juni 2016 overtok Austevoll kommune for Austevoll Næringsråd som prosjektleiar.

**Det vidare prosjektarbeidet blei finansiert slik:**

- |                           |            |
|---------------------------|------------|
| • Hordaland fylkeskommune | 338.959 kr |
| • Austevoll kommune       | 233.485 kr |

Styringsgruppa for prosjektet bestod av representantar frå Austevoll kommune, Austevoll Næringsråd, Austevoll vidaregåande skule og Havforskningsinstituttet.

Rådmann Bjarte Madsen overtok prosjektansvaret forsommare 2018 og la til rette for selskapsetableringa. Selskapet blei stifta 1. juli 2019 under namnet Blått kompetansesenter vest AS.



## **Blått kompetansesenter vest AS**

---

Verksemndplan